

## Møtereferat

Dato: 18/09-2017

Emne:	<b>Referat frå møte 3 i kunstkomiteen for Bybanen, BT4.</b>		
Til stades:	Ingrid Haukeland (IH / BU), Annike Gullestad (AG / BU), Petra Rahm (PR / Hordaland kunstsenter), Tone Stedal Haugland (TSH / HFK), Hilde Skjeggstad (HS / kunstfagleg prosjektleiar HFK).		
Forfall:	Sølvi Marie Myrseth (SMM / BU), Ronny Skaar (RS / HFK), Stein Dvergsnes (SD / BBAS), Elisabeth Vaule (EV / Bergen kommune)	Sak:	
Møtetid:	Fredag 15. september kl. 09.30-11.30	Møtestad:	BU, møterom Danmarks plass

**Møteleiar:** Hilde Skjeggstad

**Referent:** Tone Stedal Haugland, Hilde Skjeggstad

Sak	Emne	Vedtak	Ansvar / frist
1.	<i>Referat frå forrige møte.</i>	Referat blei godkjend utan merknader.	
2.	<i>Orienteringssaker</i>	<p>a. Status prosjekteringsarbeidet. Sweco har levert forslag til overordnet landskapsplan. Denne er nå til behandling hos BU.</p> <p>b. Prekvalifisering. Prekvalifisering er annonsert i papiraviser, kunsttidsskrift og gjennom div epostlister. Søknadsfrist 20. oktober 2017. Full utlysing med digitalt søknadsskjema på <a href="http://hordaland.no/bybanekunst">hordaland.no/bybanekunst</a></p> <p>c. Formidling / web. Hilde og Tone har hatt møte med Infoavdelinga vedr oppbygging av ny side om kunst i offentlege rom på <a href="http://hfk.no">hfk.no</a>. Bybanekunsten får ein eigen seksjon i denne. Det er naturleg at både BU og Bybanen AS lenker til denne når den er klar.</p> <p>Det er og halde eit møte med Skyss om bruk av skjerm i bybanevognane til info om kunsten langs traseen til Flesland. Skyss er positive til dette. Det arbeidas no med å få laga ein presentasjon på inntil 30 s, som kan gå i loop mellom Skyss' eigne meldingar. Presentasjonssnuttene vil bli presentert i perioder, dette vil variere etter hvor mange kampanjer Skyss sjølv har gående.</p>	

		<p>Faldaren om kunst er revidert, sjå <a href="https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/rapportar-og-statistikk/andre-rapportar---pdf/bybanekunst-2017.pdf">https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/rapportar-og-statistikk/andre-rapportar---pdf/bybanekunst-2017.pdf</a> Hilde sender lenkje til BU, så dei og kan legge ut. Nytt papiroplag kjem.</p> <p>d. Info om seminar på HKS, der Tone, Hilde og Petra deltok: «Nye oppdragsgivere». Nye oppdragsgivere (New Patrons) er en organisasjon og en modell for utvikling av kunstprosjekt i offentlige rom for sivilsamfunnet – hvor innbyggjarar eller interesseorganisasjoner står som oppdragsgjevarar for kunstprosjekta, i staden for det offentlege. Interessante perspektiv ift. deltaking og brukarmedvirkning. Les meir (og sjå kunstprosjekt) på <a href="http://www.newpatrons.eu">www.newpatrons.eu</a></p>	
3.	<i>Gjennomgang av banetrasé Bergen – Fyllingsdalen v/Ingrid. Diskusjon om muligheter og prioriteringer.</i>	Ingrid presenterte hovedtrekka i Sweco sin nylige landskapsleveranse til BU. Denne er enno til behandling hos BU, og innhaldet konfidensielt. Beskrivinga gjev god innsikt i problemstillingane langs traseen, BU gjev derfor tillating til at komitéen får innsyn. OBS: Dette er ikkje ferdig prosjektert, endringar vil kome. Ei lenkje til rapporten blir sendt komitemedlemmane via WeTransfer.	
4.	<i>Budsjett.</i>	Utsett til seinare møte.	
5.	<i>Evt. søknad KORO og/eller andre</i>	KORO har søknadsfrist 1. oktober 2017. Eit av satsingsområda er byutvikling. Hilde eller Tone ringjer KORO for å drøfte om søknad bør sendast no, eller om neste søknadsfrist vil vere betre. Det blei og drøfta å søkja private midlar, t.d til Fyllingsdalen.	
6	<i>Kunst i vognene? Tak, lydannonsering.</i>	Utsett til seinare møte.	
7.	<i>Framdrift.</i>	Utsett til seinare møte.	
8.	<i>Møteplan.</i>		
9.	<i>Evt.</i>	Det var ingen saker til Evt.	

Vedlegg: